

Landsomfattande tilsyn 2010

Tilsyn skal bidra til trygge tenester ved at ein undersøker om regelverket blir følgt. Fylkesmennene og Helsetilsynet i fylka utfører tilsyna, kvar for seg eller i lag. Landsomfattande tilsyn blir utførte etter ein felles rettleiar for heile landet for å sikre at ein har same tema og same måten å utføre det på i alle fylke, og for å sikre at funn blir vurderte likt.

Statens helsetilsyn er frå 1. januar 2010 overordna tilsynsorgan for to nye tilsynsområde: sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV) og barnevern. Det er sett i gang arbeid for å førebu landsomfattande tilsyn med sosiale tenester i NAV i 2010 og med barnevern i 2011, i tillegg til dei regelmessige tilsynsaktivitetane som Fylkesmannen gjennomfører på desse områda.

Helsetilsynets plan for landsomfattande tilsyn for 2010 omfattar sosiale tenester i NAV, kommunale sosial- og helsetenester og spesialisthelsetenester.

Sosiale tenester i NAV

Dei viktigaste krava i den nye lova om sosiale tenester i NAV (sjå s. 37) gjeld økonomisk stønad og kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad. Fylkesmennene skal i 2010 føre tilsyn etter ein felles rettleiar. Tilsynet skal undersøke om kommunane sikrar at alle søknader om økonomisk stønad blir individuelt vurdert.

Spesialisthelsetenester

Det er ikkje lagt opp til eit ordinært landsomfattande tilsyn – med eitt felles tema – med spesialisthelsetenester i 2010. Helsetilsynet i fylka skal lage ein samordna regional tilsynsplan ut frå vurderingar av behovet for tilsyn i kvar region. Desse tilsyna skal som elles oppsummerast både regionalt og nasjonalt.

Kommunale helse- og sosialtenester til eldre

Som eit ledd i den fireårige satsinga i Statens helsetilsyn på tilsyn med tenester til eldre, er det planlagt eit sett av tilsynsaktivitetar i kommunane i 2010. Systemrevisjonar, fastlegetilsyn, sjølvmeldingstilsyn, stikkprøvekontroll og umeldt tilsyn er blant desse aktivitetane. Tema for tilsyna blir bestemt ut frå det vi veit om viktige og vanskelege utfordringar for kommunane, og ut frå erfaringar med kvar det ofte sviktar i tenestetilbodet til skrøpelege eldre. Tilsynet skal undersøke korleis demente eldre som bur heime, blir utgreidde og følgde opp av kommunal pleie- og omsorgsteneste og av fastlege, korleis pleie- og omsorgstenesta og fastlege samarbeider om, følgjer opp og sikrar forsvarleg behandling med legemiddel, og korleis pleie- og omsorgstenesta følgjer opp og sikrar at eldre som bur heime, har ein forsvarleg ernærings situasjon. Andre tema er rehabiliteringstilbodet til eldre i kommunane, legemiddelhandtering i og utanfor institusjon, og praksis med omsyn til tildeling av avlastingstilbod til skrøpelege eldre. Helsetilsynet i fylket og Fylkesmannen skal, på grunnlag av lokal kunnskap om risiko og kva tilsyn som er gjennomførte med tenester til eldre dei seinare åra, velje blant tema som er nemnde over. Korleis tilsynsystema er sette saman, kan derfor variere noko i dette omfattande tilsynet.